



**Møteprotokoll
for
Eldrerådet**

Møtedato: 09.06.2016
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 14.00 - 15.10

Møtet vart styrt av leiar Sigurd Knudsen.

Meldemene var innkalla i skriv dat. 31.05.16 og møtet var kunngjort i pressa 10.05.16.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sigurd Knudsen		Utvalseleiar
Astrid Anne Fjeldstad		Medlem
Erling Rønnestad		Medlem
Klara Hansen		Medlem
Klara Mongstad		Medlem
Stian Lavik		Medlem
Olaug Tveit		Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Jorunn Signe Brakstad	

Desse møtte frå administrasjonen: Ingen

Protokollfører: Randi Hilland

10. juni 2016

Sigurd Knudsen
Leiar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
25/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
26/2016	Godkjenning av møtebok
27/2016	Referatsaker
28/2016	Aktuelle saker
29/2016	Møteplan 2. halvår 2016
30/2016	Den Internasjonale eldredagen 2016
31/2016	Kommunestruktur

25/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

09.06.2016 ELDRERÅDET

ER - 25/2016 VEDTAK:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

26/2016: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

"Møtebok frå møte 07.04.16 vert godkjent."

09.06.2016 ELDRERÅDET

ER - 26/2016 VEDTAK:

"Møtebok frå møte 07.04.16 vert godkjent."

27/2016: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

09.06.2016 ELDRERÅDET

Sigurd Knudsen orienterte frå møte med ordførar:

- Langtidsbudsjettet klart til møtet i formannskapet 31. august.
- Høyring i oktober - ny kommunelov
- Kommunen har fått midlar til vedlikehald:
 - Lerketunet skal malast
 - ordne lekkasje på tak i kyrkjestova
 - ventilasjonsanlegg - basseng på Rossland
- Statens vegvesen - utbygging av gang- og sykkelstiar
- Skilt om "offentleg toalett" er kome opp i Frekhaug senter

- Kommunereformen - forhandling i gang med dei to andre kommunane
 - Forhandling om fleire kommunestyrerepresentantar
 - anna utvalsstruktur
- Sak om planstrategi og delegasjonsreglement opp i kommunestyret til hausten

Stian Lavik refererte frå møte i Utval for levekår (ULK).

Erling Rønnestad refererte frå møte i Utval for drift og utvikling (UDU)

Der er kome melding om konferanse for kommunale eldreråd i Bergen 1. og 2. november.

ER - 27/2016 VEDTAK:

"Meldinga og orienteringane vert tekne til orientering."

28/2016: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

09.06.2016 ELDRERÅDET

Følgjande saker vart tekne opp:

Klara Mongstad:

- På nytt problem med å koma inn på sjukeheimen etter kl. 16:00. Får ikkje kontakt med tilsette slik at dei kan opne dørane.

Erling Rønnestad:

- Dagtilbod til heimebuande demente - stort forbedingspotensiale i meir aktive dagsenter. Vil ta det opp som skal seinare.

ER - 28/2016 VEDTAK:

"Eldrerådet tek orienteringane til vitande."

29/2016: Møteplan 2. halvår 2016

Rådmannen sitt framlegg:

09.06.2016 ELDRERÅDET

Korrigert møteplan vart delt ut i møtet.

ER - 29/2016 VEDTAK:

"Møteplan for hausten 2016:

torsdag 15.09.

torsdag 03.11.

torsdag 01.12.

Alle møta tek til kl 14:00 og vert på formannskapssalen/møterom 1"

30/2016: Den Internasjonale eldredagen 2016

Rådmannen sitt framlegg:

07.04.2016 ELDRERÅDET

Eldrerådet har registrert liten interesse for arrangementet på Nordhordland Folkehøgskule. Ein vil avbestille reservasjon av folkehøgskulen.

Prøve å få til eit arrangement på rådhuset, kommunestyresalen.

ER - 24/2016 VEDTAK:

"Saka vert å ta opp på neste møte."

09.06.2016 ELDRERÅDET

Arbeidsgruppa har arbeidd med ein open dag 1. oktober på kommunehuset:

Plassering: Kommunestyresalen + ein del møterom

Deltakarar: m.a. Ordførar, Pensjonistkoret, Seniordansarane, Sogelaget, kåseri, kafé.

Informere lokalavisene om planane.

Nytt møte vert 15. august der ein skal arbeide vidare med planane.

ER - 30/2016 VEDTAK:

"Eldrerådet støtter planane til program for den internasjonale eldredagen 1. oktober."

31/2016: Kommunestruktur

Rådmannen sitt framlegg:

09.06.2016 ELDRERÅDET

ER - 31/2016 VEDTAK:

"Dersom samanslåing - viktig å ta vare på det som er bygd opp her i kommunen."
